



SANDE KOMMUNE
6084 Larsnes
Tlf. 70 02 67 00 Fax 70 02 67 01
sande.kommune@sande-mr.kommune.no
www.sande-mr.kommune.no

BUDSJETT 2018 OG ØKONOMIPLAN 2018-2021.

INNHALD

- 1. INNLEIING- BAKGRUNN FOR ÅRETS BUDSJETTARBEID**
- 2. TILBAKEBLIKK 2015,2016 OG 2017**
 - 2.1.KOMMUNENS OVERORDNA STATUS HAUST 2015**
 - 2.2.2016 RÅDMANNENS FØRSTE BUDSJETTÅR**
 - 2.3.2017 RÅDMANNENS ANDRE BUDSJETTÅR**
- 3. DAGENS SITUASJON, BUDSJETT 2018 OG ØK PLAN 2018-2021**
- 4. SKJEMA 1A/1B**
 - 4.1.GENERELT OM SKJEMA 1A/1B**
 - 4.2.FRIE INNTEKTER**
 - 4.2.1. SKATT+UTJAMNING**
 - 4.2.2. RAMMETILSKOTT**
 - 4.2.3. SKJØNSTILSKOT**
 - 4.2.4. INTEGRERINGSTILSKOT**
 - 4.2.5. FONDSAVKASTNING**
 - 4.2.6. INVESTERINGSKOMPENSASJON**
 - 4.2.7. RENTER OG AVDRAG PÅ GJELD**
 - 4.2.8. SUM FRIE INNTEKTER TIL DISP**
 - 4.3.OPPVEKST OG KULTURSEKTOREN**
 - 4.4.HELSE- OG OMSORGSSEKTOREN**
 - 4.5.POLITISK STYRING, SENTRALADM, IT OG INTR ORDNINGA**
 - 4.6.TEKNISKE TENESTER**
 - 4.7.NAV/BARNEVERN**
 - 4.8.KYRKJE/TRUDOMSSAMFUNN**
 - 4.9.PREMIEAVVIK**
 - 4.10. NETTO BRUKT I EININGANE OG BESTE ESTIMAT NETTO DR RES UTAN NAUDSYNT OMSTILLING**
 - 4.11. OMSTILLINGSNIVÅET FOR Å HALDE SEG TIL FORPLIKTANDE PLAN**
 - 4.12. AVSLUTTANDE MERKNAD TIL SKJEMA 1A/1B**
- 5. INVESTERINGSBUDSJETT FOR 2018 OG PLANPERIODEN**
- 6. BETALINGSREGULATIVET**
- 7. RÅDMANNENS INNSTILLING**

VEDLEGG:

- 1. PROSJEKTRAPPORTEN FRÅ OPPVEKSTSEKTOREN**
- 2. PROSJEKTRAPPORTEN FRÅ PLEIE- OG OMSORGSSEKTOREN**
- 3. STRATEGIUTVIKLING AV PLEIE- OG OMSORGSSEKTOREN I LYS AV PROSJEKTGRUPPA SIN RAPPORT**
- 4. SKJEMA 2A/2B (INVESTERINGAR)**
- 5. BETALINGSREGULATIVET**

1. INNLEING – BAKGRUNN FOR ÅRETS BUDSJETTARBEID

Sande kommune vart meldt inn i robek-registeret haust 2016 grunnngjeve i udekka underskot i drifta for tidligare år.

Ved utgangen av 2016 var det akkumulerte underskotet kome opp i 6 mill kr.


Rådmannen har ved fleire høve sidan han byrja i sande kommune haust 2015 peika på at det etablerte driftsnivået/kostnadsnivået i kommunen er for høgt sett i høve til kommunens inntektsnivå. Og har med det stort sett ved alle høve kalla på behovet for at kommunen må sett i gong naudstilte omstillingsprosesser.

Som eit tilbakeblikk vil eg i neste kapittel syne nokre lysbilete som vart nytta ved starten av budsjettarbeidet haust 2015

2. TILBAKEBLIKK 2015, 2016 OG 2017


2.1. KOMMUNENS OVERORDNA ØK STATUS HAUST 2015

Netto driftsresultat og disp fondet



Denne grafen syner at kommunen har gått frå eit svært godt til eit svært dårlig dr res frå 2009-2015. sammenheld ein denne resultatutviklinga med avkastning på kommunens fondsmidler så er det så godt som perfekt samvariasjon. Det betyr at denne dramatiske negative utviklinga skuldast vesentlige fall i kommunens finansinntekter, samtidig som ein ikkje har klart å redusere kostnadsnivået i same takt.

Eit grovt estimat på utfordringane vi står over for (gitt ikkje nye inntekter):



Denne figuren er meint å illustrere kommunens omstillingsbehov i kr, % og årsverk-reduksjon. Ved å gå frå der ein er (-5% netto dr res i % av brto dr innt) til høvelig der ein bør være (rundt 2%). Det betyr ei nedskalering i storleiken rundt 16 mill kr eller ca 32 åv.

FRAMTIDA (BUDSJ 2016- ØK PLAN 17-19)

Kva vil vi? (mål)

Korleis skal vi arbeide? (prosess, struktur, kultur)

Kva spor skal vi velge? (strategi)

Kva skal vi konkret gjere? (konkrete operative prosjekt)

Og korleis skal vi sikre oss at vi når dei måla vi har sett oss (styring, samhandling, informasjon og kommunikasjon)

Dette bilete oppsummerer det heile haust 2015. Ved dei føregåande bilete har eg peika på endringens omfang. Dette endringsomfanget krev ikkje berre endringar i tenestestrukturen. Men også vesentlige endringar i høve til korleis ein arbeider for å styre og utvikle kommunen.

2.2. 2016 RÅDMANNENS FØRSTE BUDSJETTÅR

Det vart innleiingsvis lagt eit driftsbudsjett innretta mot å styre mot eit netto dr res på 3,2 mill kr. Dette betydde rammer som var alt for knappe til å drifte vidare eksisterende kostnadsstruktur. Det ble så gjort en jobb for å kartlegge handlingsrommet ein hadde til å nedskalere drifta utan å måtte gå til radikale og strukturelle endringer. Ut frå denne kartlegginga var det laga ein operasjonell implementeringsplan for korleis ein skulle nedskalere. På det viset kan ein seie at et knapt budsjett i balanse var lagt på realistiske føresetnader

For det andre brukte eg mykje tid i 2016 på å klargjere for eigen org kor eg ville med org utviklinga og kva prinsipp eg arbeidde etter, sikkert til det kjedsommelige.

For det tredje vart det gjort ei org endring. Sande kommune har i likheit med mange andre kommunar ei sektororientert oppbygd styringsstruktur. Der rådmannens leiargruppe består av sektorsjefane. Sektorsjefane for oppvekst og pleie og omsorg sa at dei leia på uklart mandat. Slik at dei hadde kanskje meir ei rådgivande rolle enn å kunne være den som faktisk styrte sektoren etter eit delegert mål og resultatansvar. eg brukte ca årets første 4 måneder til å få gjennom eit politisk vedtak om å styrke eller rettere sagt klargjere sektorsjefane si rolle. Frå å vere ein rådgiver til den som faktisk sitt på mål og resultatansvaret.

For det fjerde vart det innført krav til månedlig øk rapportering på drift

For det femte innførte eg ein ny samarbeidsarena mellom politisk og adm leiing i form av todagers strategisamlingar to gonger kvart år. Her fikk ein anledning til å gå i djupna på utvalte sektorer, problemstillinger mv.

Eg skal ikkje påstå at disse tiltaka, gjorde underverk. Men hadde åpenbart sin effekt.

sande kommune gjekk ut av 2016 med eit netto dr res på 2,952 mill kr eller 1,6 % av brutto driftsinntekter. Det er noko lågare enn målsettinga. Men underskot ble for denne omgang snudd til overskot.

2.3. 2017 RÅDMANNENS ANDRE BUDSJETTÅR

Når budsjett skulle leggest for 2017 og den vidare planperiode var sande kommune meldt inn i robek-registeret og med det fulgte fylkesmannen sitt krav til ein forpliktande plan.

På tross av den nedskaleringen som skjedde i 2016, måtte kommunens omstillingsnivå settast til 12 mill kr. Dette nivået får kommunen både ut av robek og styrer over tid mot eit netto dr res på 2 %

Estimat synte tydelig at skulle drifta ytterligare ned enn det som allereie vart gjort i 2016 måtte ein gjennomføre større og meir strukturelle og kulturelle endringar. Kort sagt problemstillinga nå var mykje meir kompleks enn den var i 2016.

Difor vart det i samband med busjettarbeidet bestemt at ein skulle arbeide seg gjennom kommunens tjenestestruktur prosjektorientert.

Der ein bestemte seg for å sjå på dei to største sektorane først og så dei andre etter kvart.

I jan 2017 vart det difor sett ned to arb grupper. Ei for oppvekst og ei for pleie og omsorg. Gruppene var sett saman av politikarar, tilsette, tillitsvalde og verneombud.

Med oppretting av disse arb gruppene har ein med dette innført prosjektet som ei arbeidsform på overordna nivå i kommunen.

Arb gruppenes oppdrag var kort fortalt å sjå etter moglege innsparings og forbettringspotensiale. Det blei laga til eit rammeverk som gruppene skulle arbeide innafor.

Arb gruppene sette i gang sitt arbeid i midten og slutten mars. Med ein tentativ plan om å vere ferdig før sommerferien 2017, dvs at ein hadde ein politisk beslutta omstillingsplan for disse to sektorene. Som ein kunne byrje å sette i verk etter ferien i 2017.

Som kjent for mange av leserane av dette dokumentet vart rådmannen råka av alvorleg sjukdom i mars 2017. og vart sjukmeldt og vekke frå arbeidssituasjonen til sept 2017. konsekvensen av dette vart ei forsenking i omstillingsarbeidet. Men begge arb grupper har gjort jobben sin og levert sine rapporter men på eit seinare tidspunkt enn opprinnelig tenkt. Det betyr at ein i skrivande stund må vente på endelig politisk avklaring på disse prosjektrapportene før ein kan byrje å legge dei inn som konkrete budsjettbetingelser. Og der står vi i dag.

Når det gjeld driftsresultat for 2017 hadde ein ei målsetting i budsjettet om å gå med ei overskot på 4,114 mill kr. Slik ein pr i dag ser estimata for 2017 så er det ikkje utelukka at kommunen minst vil klare dette målet. I så fall skuldast ikkje det endringar eller omleggingar i drifta. Det skuldast nøkternheit i å budsjettere usikre storleiker på inntektssida. Først og fremst avkastning på finans og fylkesmannen sitt skjønn. Dette ser ut til å gi kommunen ei meirinntekt på 5 ca mill kr. Samt god budsjettstyring. Viss dei beste prognosene skulle slå til så er det ikkje utenkelig at kommunen kan meldast ut av robek i løpet av våren 2018. Om det måtte slå til så betyr det ikkje, langt derifra, at vi er ferdige med jobben.

Her er to faktorer særskilt å merke seg.

Faktor 1 – som nemnt over vi har så langt ikkje gjort radikale endringar i kommenens tjenestestruktur. Vi har gjort ein utgreiingsjobb men ikkje implementert noko så langt. Det vil seie at vi ennå ikkje har gjort noko store inngrep i kommunen sin verksemdmodell.

Det betyr ikkje at her i lys av det som eg så langt har gjort greie for ikkje har skjedd noko anna enn det. Særskilt innafor pleie og omsorgssektoren ser eg at sektorleiar har sett i gang og gjennomført ein god del endringar i lys av det sporet eg som rådmann har peika på. Særskilt vil eg nemne at sektorsjef no har organisert leiing og styring av sektoren på ein slik måte at eningsnivået har ei heilt anna samarbeid og samhandling enn tidligare.

Det er også grunn til å gi honnør til oppvekstsektoren som på tross av stadig smalere budsjetttrammer har klart å tilpasse drifta innfor ein kostnadskrevjende skulestruktur. det vitner om ein sektor som har evne og vilje til å tilpasse seg og endre seg, så langt det er mogleg.

Faktor 2 – økonomiske analyser av komande planperiode syner at dei økonomiske utfordringane ikkje vert mindre men heller større i åra som kjem. Noko som eg etter kvart vil kome attende til i neste kapittel. Men dette peikar heilt klart på at den vegen vi har byrja på må vi halde fram. Kravet til endring og omstilling vil aldri ta slutt. Då er det viktig at vi legg oss til ei org form og arb form som gir oss denne ofte kalte lærende org.


3. DAGENS SITUASJON, BUDSJETT 2018 OG ØK PLAN 2018-2021.

Som forsøkt forklart innleiingsvis så er vi nå i den situasjonen at vi står midt i ein omorganiseringsprosess der ein er på stadiet forståing og problemavklaring. Men begge disse prosjektrapportene må gjennom endelig politisk handsaming og beslutning før dei gir grunnlag for å sette i verk endringar og på det viset leggast inn som betingelser i budsjettet.

Reint budsjetteknisk står ein då overfor eit problem.

Lovens krav er at rådmannen skal legge fram eit budsjett som både er i balanse og på realistiske vilkår. Eg har utfordringar med å få begge vilkår samstundes på plass. Eit budsjett og økonomiplan i balanse vil vere lagt på urealistiske vilkår, herunder forskottert dei politiske avgjerslene som måtte komme ut av disse prosjektrapportene. Eit budsjett og øk plan lagt på det som pr i dag er realistiske vilkår vil ikkje vere i balanse. I sum peiker dette på at omstillingar tek tid og ei forståing av kva som er realistisk er noko som stadig er i endring etter kvart som ein arbeider seg gjennom problemstillingar.

Dette siste peikar på eit anna problem, kalt risiko. Forsøkt illustrert i figuren under



Figuren forsøker å illustrere det poeng at desse større endringa rein ønsker å gjere desse større risiko tek ein fdor å lukkast/ikkje lukkkast med endringa.

Der risiko kan delast i to dimensjoner. Den økonomiske og den operasjonelle. Den operasjonelle risikoen handler om at ein ikkje lukkast med den endringa ein såg for seg. Øk risiko handlar om at det er vanskelig å fastslå dei øk effektene endringa vil medføre.

Sande kommune er no i den situasjon at vi står overfor å gjere radikale endringar. Med tilhøyrande risiko. Dette igjen gir som sagt budsjettmessige utfoerdringar både ifht balansekravet og ikkje minst realismekravet.

4. SKJEMA 1A OG 1B

4.1. GENERELT OM SKJEMA 1A OG 1B

På basis av dei moment som er peika på i foregåande kapittel vert skjema 1A og 1B med dette presentert og kommentert i det vidare. Der skjemane er kommunens driftsbudsjett for 2018 og øk plan for 2018-2021.

For om mogleg å stette dei krava til budsjett som sande kommune nå står over for:

Realismekravet, balansekravet og fylkesmannens krav til forpliktende plan.

Har eg gjort følgande for å utarbeide skjema 1A og 1B.

- Frie inntekter og netto brukt i einingane. Er beste estimat ut frå den kunnskap ein har til disse storleikane. Øk planen er helde i faste 2018 priser. Dette betyr mellom anna at sektorane for 2018 har i utgangspunktet fått ei budsjettramme tilstrekkelig til å drifte sektorane slik dei er org og drifta pr i dag. Dette gir realisme i budsjetteringa men ikkje balanse i øk planen.
- For å stette balansekravet har eg i skjemaets linje 41 angitt det som eg meiner er beste estimat på øk effekt av omstillinger i 2018, som er 2 mill kr. Utan at eg med dette angir eller peiker på kva dette er. Vi står som sagt midt i en beslutningsprosess i høve til dette.
- For resten av planperioden har eg i linjene 42-44 angitt kor mykje kommunen må omstille seg for å styre mot eit netto dr res på 2 % fom 2020. det interessante her er ikkje korleis omstillingsnivået fordeler seg ut over tid men summen av det samla omstillingsnivået. Noko eg kjem attende til i slutten av kapittel 4

| linje | skjema 1a/1b | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | | |
|-------|--|-------------------------|----------------|----------------|----------------|----------------|
| | | B 2017 | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 1 | Skatt + utjamning | 70 629 | 72 512 | 72 512 | 72 512 | 72 512 |
| 2 | rammetilskot | 88 240 | 88 877 | 88 277 | 88 277 | 88 277 |
| 3 | skjønstilskot | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| 4 | integringstilskot | 6 000 | 5 038 | 3 268 | 1 770 | 775 |
| 5 | fondsavkastning | 0 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |
| 6 | inv kompensasjon | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |
| 7 | renter + avdrag på gjeld | -12 055 | -13 155 | -15 297 | -17 225 | -19 363 |
| 8 | tilbakeføring kalkulatoriske poster | 3 000 | 3 225 | 3 450 | 3 675 | 3 900 |
| 9 | SUM FRIE INNTEKTER TIL DISP | 159 314 | 161 997 | 157 710 | 154 509 | 151 601 |
| 10 | PPT | | 1 344 | 1 344 | 1 344 | 1 344 |
| 11 | Gursken oppv.senter | | 13 341 | 13 341 | 13 341 | 13 341 |
| 12 | Larsnes oppv.senter | | 12 024 | 12 024 | 12 024 | 12 024 |
| 13 | Gjerdsvika oppv.senter | | 4 714 | 4 714 | 4 714 | 4 714 |
| 14 | Sandsøy oppv.senter | | 5 296 | 5 296 | 5 296 | 5 296 |
| 15 | Kvamsøy oppv.senter | | 6 302 | 6 302 | 6 302 | 6 302 |
| 16 | Haugelia barnehage | | 2 600 | 2 600 | 2 600 | 2 600 |
| 17 | Hauemarkja bh. | | 7 064 | 7 064 | 7 064 | 7 064 |
| 18 | Gr.skule felles | | 2 009 | 2 009 | 2 009 | 2 009 |
| 19 | Barnehage felles | | 141 | 141 | 141 | 141 |
| 20 | kultur | | 2 908 | 2 908 | 2 908 | 2 908 |
| 21 | sum oppvekst- og kultur | 55 900 | 57 743 | 57 743 | 57 743 | 57 743 |
| 22 | sjukeheim | | 23 500 | 23 500 | 23 500 | 23 500 |
| 23 | kjøkken | | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 |
| 24 | heimetjenesta | | 20 700 | 20 700 | 20 700 | 20 700 |
| 25 | natt | | 10 600 | 10 600 | 10 600 | 10 600 |
| 26 | buhab | | 7 300 | 7 300 | 7 300 | 7 300 |
| 27 | helsestasjon | | 1 300 | 1 300 | 1 300 | 1 300 |
| 28 | lege | | 6 800 | 6 800 | 6 800 | 6 800 |
| 29 | fysio | | 800 | 800 | 800 | 800 |
| 30 | sum helse- og omsorg | 72 000 | 74 000 | 74 000 | 74 000 | 74 000 |
| 31 | politisk styring | | 2 925 | 2 925 | 2 925 | 2 925 |
| 32 | sentraladm inkl lønn til flykons | | 12 488 | 12 488 | 12 488 | 11 874 |
| 33 | it | | 3 902 | 5 000 | 6 000 | 7 000 |
| 34 | sum sentral leing og styring inkl it og flykons | 16 400 | 19 315 | 20 413 | 21 413 | 21 799 |
| 35 | introduksjonsordninga | | 2 222 | 1 296 | 370 | 0 |
| 36 | tekniske tenester | | 8 500 | 9 621 | 9 692 | 9 692 |
| 37 | NAV/barnevern | | 4 800 | 5 467 | 5 467 | 5 467 |
| 38 | kyrkje/trudomssamfunn | | 2 600 | 2 678 | 2 678 | 2 678 |
| 39 | Premieavvik | | -5 000 | -7 500 | -5 000 | -5 000 |
| 40 | NETTO BRUK I EININGANE | 155 200 | 161 324 | 164 993 | 165 993 | 166 379 |
| 41 | beste estimat gjennomført omstilling 2018 | | 2 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| 42 | nødv omstilling i 2019 for å halde seg til forpl plan | | | 9 560 | 9 560 | 9 560 |
| 43 | nødv omstilling i 2020 for å halde seg til forpl plan | | | | 334 | 334 |
| 44 | nødv omstilling i 2021 for å halde seg til forpl plan | | | | | 3 236 |
| 45 | mål netto dr res etter forpl plan | 4 114 | 7 524 | 8 277 | 4 410 | 4 352 |
| 46 | netto dr res beste estimat etter gjennomført omstilling | | 2 673 | 8 277 | 4 410 | 4 352 |
| 47 | differanse | | 4 851 | 0 | 0 | 0 |
| 48 | Avsetninger: | | | | | |
| 49 | til dekning av tidl år rm meirforbruk | 4 114 | | | | |
| 50 | Bruk av avsetninger: | | | | | |
| 51 | Til disposisjonsfond | | 2 673 | 8 277 | 4 410 | 4 352 |
| 52 | RM meir/mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 53 | Netto dr res i % av brto inntekter | 1,8 % | 1,2 % | 3,7 % | 2,0 % | 2,0 % |
| 54 | Netto dr res i % av brto inntekter - mål i forpl plan | 1,8 % | 3,3 % | 3,7 % | 2,0 % | 2,0 % |

4.2. FRIE INNTEKTER

4.2.1. SKATT + UTJAMNING

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|-------------------|--------|-------------------------|--------|--------|--------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 1 | Skatt + utjamning | 70 629 | 72 512 | 72 512 | 72 512 | 72 512 |

Estimert skatteinngang og utjamning er henta rett ut frå grønt hefte. Vi har ikkje grunnlag for å overprøve statens estimat på disse storleikane. Veksten i skatteanslaget er på 3 % noko som betegnast som ein historisk normalvekst.

4.2.2. RAMMETILSKOTT

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|---------------|--------|-------------------------|--------|--------|--------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 2 | rammetilskott | 88 240 | 88 877 | 88 277 | 88 277 | 88 277 |

På same måte som skatten er rammetilskottet henta ut frå grønt hefte. Veksten er på 0,72 %. Ser ein på skatt og ramme under eitt (det som vert regulert i grønt hefte) så er veksten på 1,6 %. Der deler av denne veksten er meint å dekke statlige satsingar. Tabellen under syner dette

| | 2017 | 2018 | vekst | |
|--|----------------|----------------|--------------|--------------|
| | | | i kr | i % |
| skatt + utjamning | 70 629 | 72 512 | | |
| rammetilskott | 88 240 | 88 877 | | |
| sum anslag frie inntekter | 158 869 | 161 389 | 2 520 | 1,6 % |
| delar avveksten er grunngeve i disse statlige satsingsområda | | | | |
| opptrapping kommunal rusplan | | | -159 | |
| tidlig innsats i bartnehage og skole | | | -106 | |
| forebyggnde tiltak mot barn for å ruste opp til barnevernsreformen | | | -106 | |
| rest til å finansiere lønns, pris og oppgåvevekst i eksisterende tenester | | | 2 149 | |

Denne tabellen syner at sande kommune av veksten på 2,52 mill kr i frie inntekter har igjen 2,149 mill kr til å dekke veksten innafør eksisterende tjenester. Etter teke omsyn til r staten sine prioriteringer. Veksten i frie inntekter er vel knapt nok tilstrekkelig til å dekke kommunens eigen lønnsvekst. Den marginale veksten i kommunen sine rammevilkår kan ikkje tolkast på andre måtar enn at sande kommune er for kostbar innretta og drifta sett i høve til som er kommunens etablerte inntektsnivå.

Ingar(INNTEKTSGARANTIORDNINGEN) i 2015 fekk sande kommune redusert rammetilskottet sitt med ca 3 mill kr som følgje av kommunereforma. Denne reduksjonen har blitt fasa inn over 5 år sidan 2015. dvs med ein reduksjon på 600' pr år. I 2019 er reduksjonen fullt innfasa. Dette betyr at ramma frå og med 2019 vil vere 600' lågare enn i 2018.

Innfasinga kan synast som i tabellen under.

| | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 | 2019 | osv |
|--|--------|--------|--------|--------|--------|--------|
| reduisert rammetilskott som følgje av kommunereform | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 | -3 000 |
| ingar overgangsordning | 2 400 | 1 800 | 1 200 | 600 | - | - |
| netto effekt | -600 | -1 200 | -1 800 | -2 400 | -3 000 | -3 000 |

4.2.3. SKJØNSTILSKOT

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|---------------|--------|-------------------------|-------|-------|-------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 3 | skjønstilskot | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |

Denne posten gjelder fylkesmannen si ekstratildeling av skjønn basert ut frå ei vurdering av om kommunene har særskilte kostnader som ikkje vert fanga opp i ordinær ramme.

Tabellen under syner på kva kriterier skjønn vart tildelt i 2017.

| | |
|---|--------------|
| skjønsmidlar 2017 | |
| generell vurdering | 180 |
| forpliktende plan | 500 |
| særlig høge utgifter til ressurskrevjende brukere under 67 år | 2 200 |
| ressurskrevjende brukere som ikke er med i toppfinansieringsord | 1 500 |
| sum fylkesmannens skjønn 2017 | 4 380 |

Som ein ser så gjeld dette i hovudsak ressurskrevjende brukarare som av ulike grunnar fell utafor finansieringssystemet for denne kategori brukarar.

Når det gjeld skjønsmidlar for 2018 så er det to ting å merke.

- Fylkesmannen si basisramme er redusert med 10,7 mill kr eller 12%
- Ei kommune som har ein ekstra ressurskrevjande brukar kan rekne med berre å få ekstra skjønn i en overgangsperiode på 3 år.

Det å budsjettere med skjønsmidlar er ikkje enkelt, særlig når ein ikkje veit kor dette går ut først ved årets slutt. Av denne grunn er det mange kommunar som let være å budsjettere med denne storleiken. Blant anna fordi lovens krav til realisme i budsjettet kan være tvilsom. Sande kommune har i planperioden budsjettet med 2 mill kr i årlig skjønn som eit nøkternt og ikkje heilt urealistisk anslag. Å budsjettere med like stort skjønn i komande planperiode som det vi fekk i 2017 er heilt urealistisk.

4.2.4. INTEGRERINGSTILSKOTET

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|-----------------------|--------------|-------------------------|--------------|------------|------------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 4 | integreringstilskot | 6 000 | 5 038 | 3 268 | 1 770 | 775 |
| 35 | introduksjonsordninga | -2 222 | -2 222 | -1 296 | -370 | 0 |
| 32 | lønn til flykons | -614 | -614 | -614 | -614 | -614 |
| | netto | 3 164 | 2 202 | 1 358 | 786 | 161 |

Neste inntektspost er integreringstilskotet, som eg har valt å syne i lag med kommunens direkte meirkostnader ved å skulle integrere flykningar. Som er introduksjonsordninga og lønn inkl sosiale kostnader til flykningekonsulenten. Det som ikkje er med i reknestykket er auka ressurs ved vaksenopplæringa og meirutebetalinger over sosialbudsjettet.

Sande kommune har i skrivande stund 12 flykningar på introduksjonsordninga. Disse 12 får kvar utbetalt kr 15.429.- pr mnd i lønn for å vere med på introduksjonsordninga. Formålet med introduksjonsordninga (som

er eit 5 årig program) er å gjere flyktningane sjølvstendige og sjølvforsynte i det norske samfunnet. i all hovudsak ved å kunne gjere dei kvalifiserte til den norske arbeidsmarknaden. For arbeidsmarknaden på søre sunnmøre betyr det at dei normalt må opp på eit utdanningsnivå tilsvarande fagbrev.

For å gjere denne jobben får sande kommune eit årlig integreringstilskot som trappes ned over 5 år. Der vi har tilsett ein flyktningekonsulent til å legge til rette, samordne og koordinere introduksjonsordninga.

Som ein ser av tabellen så er det lagt opp til at ein gradvis klarer å få fleire flyktningar ut av introduksjonsordninga etter kvart som dei kjem seg i ord lønna arbeid. Her som elles har ein forsøkt å gjere beste estimat. Men det er åpenbart at det knytter seg ikkje ubetydelig risiko til dette. For det første har dei fleste et langt utdanningsløp før dei er på det nivået som det norske arbeidsmarkedet krev og så skal dei konkurrere med andre arbeidssøkere på det som for tida kan vere eit vanskelig arbeidsmarked. Men det må understrekast at kommunen sin flyktningekonsulent gjer ein framifrå innsats for å integrere disse flyktningane kommunen har velt å ta i mot.

På den andre sida ein kan ikkje sette risikoen til null. Av denne grunn er også kommunens sosialbudsjett auka noko.

4.2.5. FONDSAVKASTNING

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|-----------------|--------|-------------------------|-------|-------|-------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 5 | fondsavkastning | 0 | 2 000 | 2 000 | 2 000 | 2 000 |

Sande kommune har eit fond på ca 48 mill kr til aktiv forvaltning. Disse midlane er skaffa til veie ved sal av kommunens aksjepost i tussa kraft as. Underteikna har ikkje oversikt over når tid dette salet skjedde og kva som vart grunnkapitalen da. Men dagens verdi på fondet er på ca 48 mill kr. I 2017 kan det sjå ut til at vi kan oppnå ei avkastning på 2,9 mill kr tilsvarande ei forentning på 4,7 %.

Kor verda på finansmarknaden i fremtida vil utvikle seg er vanskelig å spå. Men tek ein utgangspunkt i ei avkastning på 4 %, som ein etter mitt haud bør ha for at det skal vere noko vits i å plassere så mykje likvider i verdipapir og den risiko det medfører, gir det ei årlig avkastning på 2 mill kr.

4.2.6. INV KOMPENSASJON

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|------------------|--------|-------------------------|-------|-------|-------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 6 | inv kompensasjon | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 | 1 500 |

Rentekompensasjonsordningen forvaltes av den norske stats husbank. Kommunene får refundert deler av sine renteutgifter knyttet til investeringer i skoler, svømmeanlegg og kirkebygg. Ordningen med rentekompensasjon for skoler og svømmeanlegg ble opphevet i 2016. dvs at pr i dag så er det kun inv i kirkebygg som gir grunnlag for rentekompensasjon. For planperioden er det budsjettert med 1,5 mill i årlig rentekompensasjon etter tall henta inn fra husbanken høsten 2017.

4.2.7. RENTER OG AVDRAG PÅ GJELD

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|-------------------------------------|---------|-------------------------|---------|---------|---------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 7 | renter + avdrag på gjeld | -12 055 | -13 155 | -15 297 | -17 225 | -19 363 |
| 8 | tilbakeføring kalkulatoriske poster | 3 000 | 3 225 | 3 450 | 3 675 | 3 900 |

Kommunens rente og avdragsutgifter er trappa opp med utgangspunkt i fremlagt forslag til inv budsjett, inkl var-områda. Veksten i investeringer utgjør en utgiftsvekst for kommunen på 7,3 mill kr eller 61 %.

Denne posten må sjåast i samanheng med posten i linje 8. her vert renter og avdrag knytt til VAR området tilbakeført (inntekstført). Av den samla gjeldsveksten så utgjør VAR om lag 50 %. Det betyr at kalkulert vekst i kalkulatoriske poster er på 0,9 mill kr

4.2.8. SUM FRIE INNTEKTER TIL DISP

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|------------------------------------|----------------|-------------------------|----------------|----------------|----------------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 9 | SUM FRIE INNTEKTER TIL DISP | 159 314 | 161 997 | 157 710 | 154 509 | 151 601 |

På dei vilkår som er gjort greie for over vert sum frie inntekter pr år i planperioden som synt i tabellen her. Veksten i frie inntekter frå 2017 til 2018 er på 2,7 mill kr eller 1,7 %.

Frå 2017 til 2021 er beste estimat at kommunen vil få ein reduksjon i frie inntekter på 7,7 mill kr eller 5 %.

Vi går då over til å sjå på korleis disse netto rammene er fordelt på sektor og ansvar.

Som belyst innleiingsvis så står kommunen akkurat no med begge beina midt i ein omfattande omstillingsprosess der både tiltak og øk effekt av disse i skrivande stund langt frå er endelig avklart. Før ein kan seie noko meir sikkert må omstillingsarbeidet kome seg litt vidare. Av denne grunn med tanke på å take i vare realisme kravet i budsjettet er sektorene i budsjett og plan tildelt ei budsjetttramme tilstrekkelig nok til å drifte dagens driftsmodell vidare i 2018 priser. Dette betyr at når omstillingsprosessen er meir avklart, når det er bestemt kva ein vil gjere og på basis av det har utarbeidd konkrete implementerings og tiltaksplan så må budsjetta reviderast etter det som måtte bli nye driftsmodeller. Både for å poengtere dette og take i vare balansekravet i planperioden. Er det i linjene 41-44 i skjema 1A/1B synliggjort kort mykje i kroner og øre kommunen må omstille seg med.

4.3. OPPVEKST OG KULTURSEKTOREN

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|--------------------------------|---------------|-------------------------|---------------|---------------|---------------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 10 | PPT | | 1 344 | 1 344 | 1 344 | 1 344 |
| 11 | Gursken oppv.senter | | 13 341 | 13 341 | 13 341 | 13 341 |
| 12 | Larsnes oppv.senter | | 12 024 | 12 024 | 12 024 | 12 024 |
| 13 | Gjerdsvika oppv.senter | | 4 714 | 4 714 | 4 714 | 4 714 |
| 14 | Sandsøy oppv.senter | | 5 296 | 5 296 | 5 296 | 5 296 |
| 15 | Kvamsøy oppv.senter | | 6 302 | 6 302 | 6 302 | 6 302 |
| 16 | Haugelia barnehage | | 2 600 | 2 600 | 2 600 | 2 600 |
| 17 | Hauemarkja bh. | | 7 064 | 7 064 | 7 064 | 7 064 |
| 18 | Gr.skule felles | | 2 009 | 2 009 | 2 009 | 2 009 |
| 19 | Barnehage felles | | 141 | 141 | 141 | 141 |
| 20 | kultur | | 2 908 | 2 908 | 2 908 | 2 908 |
| 21 | sum oppvekst- og kultur | 55 900 | 57 743 | 57 743 | 57 743 | 57 743 |

Tabellen over syner at skal sektoren oppretthalde 2017 organisering og aktivitetsnivå i 2018 osv må dei ha en budsjettvekst på 1,8 mill kr eller 3,3 %. Det er akkurat den veksten dei treng for å kompensere for lønnsveksten.

Av organisatoriske endringar i 2017 bør nemnast kommunal innlemming av hauemarka bhg.

| linje | | 2014 | 2015 | 2016 | 2017 | 2018 |
|-------|--|--------|--------|--------|--------|--------|
| 1 | modellberekna driftskostnader hauemarka | 6 203 | 7 300 | 7 600 | 11 300 | 9 900 |
| 2 | kommunens reelle driftskostnader | -6 203 | -7 300 | -6 800 | -6 800 | -7 100 |
| 3 | kapitalkostn | | | | -384 | -384 |
| 4 | drift vedlikehald bygg | | | | -235 | -235 |
| 5 | sum sparte kostnader ved kommunal overtaking | - | - | 800 | 3 881 | 2 181 |

Tabellen over forsøker å synleggjere dei økonomiske effektene av denne omlegginga. Private barnehagar får sine driftstilskot frå kommunen. Der tilskotet pr born vert berekna ut frå kommunens eigne kostnader pr born i dei kommunale barnehagane. Med dei smådriftsulempene sande kommune har i eigne barnehagar så vert tilskotet pr born til hauemarka svært høgt. Samstundes er hauemarka bhg så stor at dei har stordriftsfordeler.

Dei modellberekna kostnadene for sande kommune ved å ha hauemarka som privat bhg er synt i tabellens linje 1. denne summen inkluderer både drifta, og drift- og vedlikehold av bygg og kapitalkostnader.

Fram til og med 2015 utgjorde disse modellberekna kostnadane også kommunens reelle kostnader. Men etter 2016 skil dette lag. synt i linje 2.

Grunngjeve slik.

I 2016 avtale med hauemarka om red betaling pga forseinka kommunal overtaking

2017 avtale om å betale dei reelle driftskostnader, ikkje dei modellberekna. Samstundes tok kommunen over ansvaret for barnehagens gjeld på 4,8 mill kr som gir rente og avgiftsbelastning. Samt at kommunen også nå blir belasta av drift og vedlikehald av bygget.

2018 full kommunal overtaking

Linje 5 i tabellen syner kor mykje kommunen netto har spart sidan 2016 ved kommunal overtaking av hauemarka bhg.

Når det gjeld vidare omstilling av oppvekstsektoren vert det synt til prosjektgruppa sin rapport. Vedlegg 1.

4.4. HELSE – OG OMSORGSSEKTOREN

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | | |
|-------|-----------------------------|---------------|-------------------------|---------------|---------------|---------------|--|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 | |
| 22 | sjukeheim | | 23 500 | 23 500 | 23 500 | 23 500 | |
| 23 | kjøkken | | 3 000 | 3 000 | 3 000 | 3 000 | |
| 24 | heimetjenesta | | 20 700 | 20 700 | 20 700 | 20 700 | |
| 25 | natt | | 10 600 | 10 600 | 10 600 | 10 600 | |
| 26 | buhab | | 7 300 | 7 300 | 7 300 | 7 300 | |
| 27 | helsestasjon | | 1 300 | 1 300 | 1 300 | 1 300 | |
| 28 | lege | | 6 800 | 6 800 | 6 800 | 6 800 | |
| 29 | fysio | | 800 | 800 | 800 | 800 | |
| 30 | sum helse- og omsorg | 72 000 | 74 000 | 74 000 | 74 000 | 74 000 | |

Kommunens største sektor er helse- og omsorg som bruker 46 % av kommunens frie midler. Sektoren har fått ein budsjettvekst på 2 mill kr eller 3 % frå 2017 til 2018. det er den veksten sektoren minst trenger for å drifte dagens organisering, bemanning mv i 2018 kroner.

På samme måte som, for oppvekstsektoren har ei politisk oppnevnt arbeidsgruppe sett på moglege innsparingspotensiale i denne sektoren også. På samme måte som oppvekstgruppa har pleie- og omsorgsgruppa levert sin rapport. Syner til vedlegg 2.

Som de vil sjå så er denne rapporten forskjellig i si utforming sett i høve til oppvekstrapporten. Oppvekstrapporten er strukturert og konkret. Pleie- og omsorgsrapporten er strukturert på sin måte men er mindre konkret enn oppvekstrapporten når det gjeld i alle fall økonomiske betraktningar.

Dette betyr at oppvekstrapporten kan gå direkte til politisk handsaming som den er. Pleie- og omsorgsrapporten treng litt bearbeiding før dei momenta arb gruppa peiker på er omsettelige i strategisk og operativ forstand. Det betyr at ein med utgangspunkt i rapporten ser om det er mogleg å meisle ut nye strategiar for sektoren og med det også tiltaksplanar og implementeringsplaner i lys av disse strategiske vala. Første del av denne jobben, peike på strategiar i lys av rapporten er gjort. Synt til vedlegg3.

Det som er heilt åpenbart er at det som må endrast i plo sektoren er ei meir kompleks endring enn innafor skule. Skulen må gjere ei strukturell endring, men skal ikkje ut over det måtte lære seg å drive skule etter nye prinsipp. Innafor plo sektoren er i grunnen høvet motsett der dei i stort må lære seg å drive pleie og

omsorg på ein heilt annen måte enn i dag. Med andre ord store endringar i org kompetanse og kultur. Desse høva bidreg til at det er vesentlig meir kompleks å forsøke å berekne kor mykje ein kan vere i stand til å ned kostnadsnivået i sektoren. for ei vidare drøfting av temaet syner eg til vedlegg3.

4.5. POLITISK STYRING,SENTRALADM, IT OG INTR ORDNINGA

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|--|---------------|-------------------------|---------------|---------------|---------------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 31 | politisk styring | | 2 925 | 2 925 | 2 925 | 2 925 |
| 32 | sentraladm inkl lønn til flykons | | 12 488 | 12 488 | 12 488 | 11 874 |
| 33 | it | | 3 902 | 5 000 | 6 000 | 7 000 |
| 34 | sum sentral leing og styring inkl it og flykons | 16 400 | 19 315 | 20 413 | 21 413 | 21 799 |
| 35 | introduksjonsordninga | | 2 222 | 1 296 | 370 | 0 |

Disse 4 områda er for 2016 og tidligare rapportert på eit felles ansvar, sentraladm. Men både it og integreringsordninga utgjer det som er eigne strategiske områder. Derfor kan det være greitt å skilje ut disse på eigne ansvarlinjer i budsjettet. Noko som er gjort i øk planen.

For å ta samla vekst først. Veksten frå 2017 til 2018 er 5,1 mill kr, eller på 31%. der 2,2 million av denne veksten skuldast manglande budsjettering på introduksjonsordninga i 2017. same årsak som gjer at sentraladm får meirforbruk i 2017.

Den andre delen av veksten skuldast it, og som krev ein nærmere merknad.

| | it-dr kostn |
|------|-------------|
| 2015 | 2 795 |
| 2016 | 2 607 |
| 2017 | 2 800 |
| 2018 | 3 902 |
| 2019 | |
| 2020 | |
| 2021 | |

Tabellen over syner korleis sande sine it-driftskostnader har utvikla seg siste åra. Fram til 2017 har dei ligge i området rundt 2,8 mill kr. I 2018 derimot vil dei auke med 1,1 mill kr skuldast ssikt si oppstart og etablering av eit felles driftssenter for kommunane i ssikt. Denne omorganiseringa går blant anna ut på at alle kommunens it-personar (sande har hatt ei it stilling) vert overført til ssikt. Det som tidligare var sande sin it-kostnad ifht support og drift var lønn til ein tilstadeverande person i kommunen. Dette er no erstatta med at sande kommune må være med på å dele kostnadane av eit supportapparat med ca 20 tilsette. Der fordelingsnøkkelen er 30 % likt fordelt og 70 % etter folketallet. Det er denne omlegginga som i hovudsak forklarar veksten frå 2017 til 2018 på it.

Kva budsjettmidlar ssikt i åra fremover vil trenge er ikkje heilt klart. Det som er klart er at selskapet har vekstambisjonar . det siste på trappene nå er at dei vil ta over kommunenes sentralbordfunksjon. meir vil heilt sikkert komme. Kor mykje og kva dette vil påføre kommunen i kostnadsvekst er vanskelig å spå. Men ikkje å ta høgde for ein vidare ekspansjon og kostnadsvekst vil vere feil. Ut frå eit forsiktighetsprinsipp har eg lagt til grunn ein årlig realvekst på 1 mill kr pr år i planperioden.

4.6. TEKNISKE TENESTER

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|-------------------|--------|-------------------------|-------|-------|-------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 36 | tekniske tenester | 8 500 | 9 621 | 9 692 | 9 692 | 9 692 |

Teknisk sektor har fått ein budsjettvekst på 1,121 mill kr tilsvarande 13 %. Grunngeve i arealvekst på kommunale bygg, som beskrive under

Auke av driftsbudsjett som følgje av utvida/ nytt areal.

Hauemarkja barnehage nytt areal heile barnehagen :

Forsikring 24027,-
Vedlikehald bygg 16243,-
Vedlikehald anlegg inkl vaktmeister teneste 64481,-
Leige av golvmatter 30242,-
Renovasjon/ kommunale avgifter 31868,-
Straum kostnad 78535,-
Sum 235 396,-

Haugelia barnehage nytt tilbygg kun nytt tilbygg :

Forsikring 13120,-
Vedlikehald bygg 10243,-
Vedlikehald anlegg inkl. vaktmeister teneste 31481,-
Service avtaler heis og brannalarmanlegg 14680,-
Leige av golvmatter 18.300,-
Renovasjon/ kommunale avgifter 17280,-
Straum kostnad 38400,-
Sum 143 504 > Effekt virkning frå aug 2018 >71 752,-

Renovering sandetun omsorgssenter (2016) :

Forsikring 10120,-
Vedlikehald bygg 80243,-
Vedlikehald anlegg inkl. vaktmeister teneste 54481,-
Service kontrakter ventilasjon, varmepumpe, heis, sprinkler og brannsentral 45000,-
Leige av golvmatter 22300,-
Renovasjon/ kommunale avgifter (auka mengde og areal) 48280,-
Straum kostnad 180000,-
Sum 440 424,-

Samt kompensasjon for generell lønns- og prisvekst.

4.7. NAV/BARNEVERN

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|---------------|--------|-------------------------|-------|-------|-------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 37 | NAV/barnevern | 4 800 | 5 467 | 5 467 | 5 467 | 5 467 |

Nav/barnevern har fått auka ramma si med 14 % grunngjeve i at kommunen for dei siste åra har hatt auke i sosialutbetalingar. Det er grunn til å forvente at denne auken vil halde fram.

Ifht nav/barnevern er det grunn til å peike på at ei eining som kombinerer nav og barnevern er spesielt. Samstundes driv nav og omorganiserer på egne premisser ved å samle seg i større einingar, bruk av teknologi og digitalisering for å drive meir kostnadseffektivt mv. På eit eller anna tidspunkt vil nok nav sjølve ønske å sjå på organiseringa av nav sande. Det er mykje som peiker i retning av at sande kommune om ikkje så lenge må finne ei anna organisatorisk løysing for barnevernet enn å legge det inn under nav.

4.8. KYRKJE/TRUDOMSSAMFUNN

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|-----------------------|--------|-------------------------|-------|-------|-------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 38 | kyrkje/trudomssamfunn | 2 600 | 2 678 | 2 678 | 2 678 | 2 678 |

Kyrkje/trudomssamfunn har fått ein budsjettvekst på 3 % slik at dei held tritt med pris- og lønnsvekst.

4.9. PREMIEAVVIK

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|--------------|--------|-------------------------|--------|--------|--------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 39 | Premieavvik | -5 000 | -7 500 | -5 000 | -5 000 | -5 000 |

Denne posten er ein komplisert størrelse som eg ikkje skal ta mål av meg til i minste detalj å forklare på ein forståelig måte. Men premieavviket er differansen mellom innbetalt premie og påløpt pensjonskostnad. I dei tilfelle kommunen for eit år har betalt inn meir i premie enn det som er påløpt pensjonskostnad, vert skilnaden bokført som endring i premieavviket. For 2018 har vi fått det opplyst til å være 7,5 mill kr som skal gå til kostnadsreduksjon. Det som er viktig her er at det er samsvar med den premiesatsen som beregner pensjonskostnad på einingsnivå og premieavviket.

4.10. NETTO BRUK I EININGANE OG BESTE ESTMAT NETTO DR RES I PLANPERIODEN UTAN OMSTILLING

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|-------------------------------------|--------------|-------------------------|---------------|----------------|----------------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 9 | SUM FRIE INNETEKTER TIL DISP | 159 314 | 161 997 | 157 710 | 154 509 | 151 601 |
| 40 | NETTO BRUK I EININGANE | 155 200 | 161 324 | 164 993 | 165 993 | 166 379 |
| | netto dr res uten omstilling | 4 114 | 673 | -7 283 | -11 484 | -14 778 |

På dei vilkår som eg har gjort greie for over er det rimelig grunn til å forvente at kommunens netto ressursbruk i planperiode vil auke med 11 mill kr frå dagens nivå. Dvs ei auke på 7 %, utan omstilling.

Samstundes så syner estimata at frie inntekter for same periode vil synke med 7.7 mill kr eller 5 %.

Tabellen over syner også kva som vil verte netto dr res i åra som kjem gitt at ein ikkje vedtek og gjennomfører endringar i korleis kommunen er organisert og drifta. Der dette syner at dei store utfordringane i øk forstand først kjem i 2019.

4.11. OMSTILLINGSNIVÅ FOR Å HALDE SEG TIL FORPLIKTANDE PLAN

| linje | skjema 1a/1b | B 2017 | NY FORPLIKTENDE ØK PLAN | | | |
|-------|--|----------|-------------------------|--------------|--------------|--------------|
| | | | 2018 | 2019 | 2020 | 2021 |
| 41 | beste estimat gjennomført omstilling 2018 | | 2 000 | 6 000 | 6 000 | 6 000 |
| 42 | nødv omstilling i 2019 for å halde seg til forpl plan | | | 9 560 | 9 560 | 9 560 |
| 43 | nødv omstilling i 2020 for å halde seg til forpl plan | | | | 334 | 334 |
| 44 | nødv omstilling i 2021 for å halde seg til forpl plan | | | | | 3 236 |
| 45 | mål netto dr res etter forpl plan | 4 114 | 7 524 | 8 277 | 4 410 | 4 352 |
| 46 | netto dr res beste estimat etter gjennomført omstilling | | 2 673 | 8 277 | 4 410 | 4 352 |
| 47 | differanse | | 4 851 | 0 | 0 | 0 |
| 48 | Avsetninger: | | | | | |
| 49 | til dekning av tidl år rm meirforbruk | 4 114 | | | | |
| 50 | Bruk av avsetninger: | | | | | |
| 51 | Til disposisjonsfond | | 2 673 | 8 277 | 4 410 | 4 352 |
| 52 | RM meir/mindreforbruk | 0 | 0 | 0 | 0 | 0 |
| 53 | Netto dr res i % av brto inntekter | 1,8 % | 1,2 % | 3,7 % | 2,0 % | 2,0 % |
| 54 | Netto dr res i % av brto inntekter - mål i forpl plan | 1,8 % | 3,3 % | 3,7 % | 2,0 % | 2,0 % |

I tabellen over er synt dei siste linjene i skjema 1A/1B. denne delen av reknearket er konstruert slik at den syner kor mykje sande kommune må omstille seg med for å nå dei økonomiske måla ein sette seg for 12 mnd siden i den forpliktande planen. Der eitt av måla var at innen 2020 skulle kommunen ha stabilisert drifta si rundt 2 % netto dr res i % av brutto dr inntekter.

Linjene 41,42,43 og 44 syner kor denne omstillinga må innfasas gitt mål synt i linje 54.

På linje 41 er synt det som eg meiner er beste estmat for kva vi kan få til i 2018, 2 mill kr. Dette baserer seg på at ein vedtek og får påbegynt endring av skulestrukturen. Noko meir enn dette er det ikkje realistisk å håpe på i 2018. får ein det på plass vil kommunen neste år generer eit netto dr res på 2,7 mill kr som kan legges på disp fond.

På linje 42 er synt nødv omstillingsnivå i 2019 for å halde seg til planen

Linje 43 og 44 tilsvarende for 2020 og 2021.

Det interessante er ikkje korleis denne omstillinga fordeler seg ut over i tid, men summen av den. Det som var eit definert omstillingsnivå på 12 mill for eitt år sidan har nå vokse til 19 mill kr, av grunnar som synt i tabellen under.

| | |
|--|---------------|
| berekna omstillingsbehov2018-2021 | 19 130 |
| sett saman slik | |
| opprinnelig omstillingsnivå definert haust 2016 | 12 000 |
| nedtrapping av ingar | 600 |
| ytterligere netto vekst i finans basert på ny inv plan | 2 409 |
| vekst i it | 3 000 |
| arealvekst komm bygg | 750 |
| opptrapping kommunal rusplan | 159 |
| tidlig innsats i bartnehage og skole | 106 |
| forebyggnde tiltak mot barn for å ruste opp til barnevernsreformen | 106 |
| sum omstillingsbehov for planperioden | 19 130 |

For det første er inntektsgarantiordninga trappa ned

For det andre har vi ein viss vekst i renter og avdragsutgifter pga av meir investeringar sett i høve til sist vi rekna på dette

For det tredje den forventa veksten i it stiller også krav til at reduksjonar må skje på andre områder

For det fjerde veksten i kommunal bygningsmasse krev sitt

For det femte har staten ambisjoner om at vi skal vekse innfor dei område synt i dei tre siste linjene.

4.12. AVSLUTTANDE MERKNAD TIL SKJEMA 1A/1B

Skjema 1A/1B er med dette lagt fram ut frå det som er meint å vere beste estimat. Det betyr ikkje at her i planperioden vil kunne vere estimatbom, og ein alltid kan gi seg inn på ein diskusjon om kva som er rett omstillingsnivå. Under alle omstendigheiter er omstillingsnivået betydelig. Anten ein snakker om 12 eller 19 mill kr.

Det viktige er nå at kommunen held fram med den prosessen ein har starta på. Der ein får vedteke og sette i verk omstillingane etter kvart som ein får klargjort dei.

5. INVESTERINGSBUDSJETT FOR 2018 OG PLANPERIODEN

Framlegget til inv planen er synt i eige dok i vedlegg 4. det er rådmannens oppfatning at framlegget til inv budsjett er halde på eit nøkternt og naudsynt nivå.

6. BETALINGSREGULATIVET

Ligg ved som eige dokument, vedlegg 5

7. RÅDMANNENS INNSTILLING

Rådmannens innstilling er at

1. skjema 1a/1b vert vedteke som lagt fram her.
2. der det inneber at ein i eigne prosesser både politisk og administrativt kontinuerlig arbeider for å styre sande kommune mot eit netto driftsresultat på 2 % av brutto driftsinntekter innan 2020 og etter det held det stabilt på det nivået.
3. skjema 2A/2B vert vedteke som lagt fram her
4. betalingsregulativet vert vedteke som lagt fram her.